



Frode Grytten les i natt på Dønhaug

Jazzklubben på Husnes er huslaus på heimebane for tida men det er ikkje problematisk så lenge Uskedalen kan stilla opp med eit veleigna erstatningslokale. Det heiter Dønhaugkjedlaren og der avvikla klubben i natt eit stort program i meir enn ein forstand - ein dobbelkonsert med Frode Grytten og Mads Berven med band.

Husnesingane er hjartelegg velkomne igjen ut i provinsen så lenge dei har slike godsaker på menyen. Rett nok var det berre 40 betalande, men det tok ikkje husnesingane så tungt. Dei minte om at dei har vore nede i 6 betalande på heimebane!

Programmet hadde fortent fullt hus og høgdepunktet var Oddadiktarens tildels svært frie gjendikning av The queen is dead frå 1986. Gjennom tekstane avslørte den utruleg mangfoldige oddingen mykje av seg sjølv og sin herkomst. Og ikkje overraskande var Odda i fokus i svært stor grad, kanskje for stor. Bør han ikkje med sitt store talent etterkvart skriva seg enda meir ut av sine ungdomsopplevingar i industristaden? Fleire av dikta som han las inatt vitnar om stor innlevingsevne, til dømes hyllinga til mødrene.

Programmet var ein velkomponert mix av jazz og litteratur, Gryttens gjendikning vart effektfullt understreka av bergensaren Mads Berven og hans to musikarar Tor Bjarne Bjelland frå Halsnøy (tromme) og Torbjørn Hillersøy frå Flora (bass).

Musikalsk sett var trioens innsats betre og meir fengjande i denne delen av konserten enn i første del, som var ein samanhengende servering av Bervenprodukt. Ikkje alle låtane var like engasjerande sjølv om fleire var vakre og melodiose.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen



Bervens trio spela i to avdelingar